



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Siri Mæland, 55 57 22 00

Vår dato
24.05.2018
Dykkar dato
28.02.2018

Vår referanse
2018/1429 721.0
Dykkar referanse

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Tilskot til kommunalt rusarbeid 2018 - kapittel 765 post 62

I 2018 får Lindås kommune med dette eit tilskot på kroner 550 000,- over kapittel 765 post 62. Ubrukt tilskot frå 2017, kr 532 000,-, blir trekt frå. **Utbetaling for 2018 blir kr 18 000,-.**

Tilskotet blir gitt til:

Stilling/årsverk	Status	Søknadssum	Tildeling/avslag
1 årsverk miljøarbeidar	Vidareføring - år 2	Kr. 550 000	Kr. 550 000
1 årsverk miljøterapeut rusteam	Ny	Kr. 660 000	Avslag

I tildelt beløp inngår kr. 10 000 til kompetanseutvikling.

Dette er ikkje eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. De kan difor ikkje klage på avgjerda eller vilkåra i dette brevet.

Mange har søkt om tilskot i 2018. Midlane vi fekk til fordeling gir ikkje rom for å gje tilskot til alle.

Nye reglar for utrekning av tilskot og overgangsreglar frå og med 2017

Føremålet med tilskotet er å bidra til kapasitetsvekst ved å gi midlar til stillingar som kommunen på sikt skal finansiere.

Vi gjer merksam på at kommunen kan søkje om tilskot til dei vidareførte stillingane i til saman 4 år, men tilskotet blir avkorta kvart år, jf. dei nye reglane for utrekning av tilskot.

Bruk av midlane i 2018

Tilskotet skal disponerast til årsverk og kan ikkje nyttast til andre utgifter eller investeringar.

Midlane skal nyttast til føremålet dei er gitt til i dette budsjett- og kalenderåret, jamfør søknaden, regelverket for dette tilskotet og krava i dette brevet.

Utbetaling og krav til stadfesting

Tilskot blir først utbetalt når:

- vi har fått og godkjent rapport for fjorårets tilskot (rapport om måloppnåing og økonomirapport)
- vi har fått tilbake den vedlagde stadfestinga i utfylt og underskriven stand, sjå vedlegg. Ver venleg å fyller ut og sende stadfesting til fmhopostmottak@fylkesmannen.no snarast.

Ubrukte midlar

Dersom midlane ikkje blir oppbrukte, finst følgjande alternativ:

- betale heile eller delar av tilskotet tilbake til Fylkesmannens kontonummer **7694 05 01098**, merkt med kapittel 765, post 62 og vårt saksnummer. Fylkesmannen skal informerast om dette på førehand.
- søkje om overføring av ubrukte midlar innan 30. november 2018. Føresetnaden for godkjenning, er at prosjektet eller aktiviteten blir vidareført. Ubrukte midlar i 2018 blir trekt frå neste års tildeling av tilskot dersom tilskotet kan vidareførast.

Rapportering

Rapporteringa skal vere i samsvar med regelverket for tilskotet.

Kommunen skal rapportere til oss innan 1. februar 2019 i rapporteringsskjema som følgjer den årlege kunngjeringa av tilskotsordninga på www.fylkesmannen.no og www.helsedirektoratet.no/tilskudd.

Økonomiansvarleg i kommunen, eller annan person med tilsvarende mynde, skal pr 31. desember 2018 kontrollere at tilskotsmidlane er brukt etter dei spesifiserte kriteria i tilskotsbrevet. Kommunen skal innan **1. februar 2019** sende rekneskapsrapport per 31. desember 2018 i rapporteringsskjema som følgjer den årlege kunngjeringa av tilskotsordninga på www.fylkesmannen.no og www.helsedirektoratet.no/tilskudd.

Det er ikkje lenger eit krav at rapporten er revisorattestert.

Kontroll og dokumentasjon

Fylkesmannen har rett til å kontrollere at tilskotet blir brukt etter føresetnadane, jamfør § 10 andre ledd i Bevilgningsreglementet. Vi gjer merksam på at Riksrevisjonen har høve til å kontrollere om tilskot blir brukt etter føresetnadane, jamfør lov om Riksrevisjonen § 12 andre ledd.

Med helsing

Anne Grete Robøle
seksjonsleiar

Siri Mæland
seniorkonsulent

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Stadfestingsskjema
Regelverk

Kopi til:

Lindås kommune v/Grethe Korsøen Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ

